



Stine R Hindenes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/629 - 15/4437

Saksbehandlar:

Rune Kilen

Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:

25.02.2015

Svar på førespurnad om godkjenning av avkjørsle - gbnr 241/13 Bjørge

Teknisk drift syner til epost til byggjesak datert 11.2.2015 og vegavdelinga si epost av 23.2.2015 vedkommande førespurnad om godkjenning av utvida bruk avkjørsle frå kommunal veg – gbnr. 241/13 Bjørge. Vi har no hatt synfaring og fått bekrefta at avkjørsla stettar siktkrava.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for ytterligare 1 bustadeining på følgjande vilkår (standardkrav):

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming av avkjørsle fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», veglova §§ 40-43 og vegnormal N100 (tidlegare handbok 017). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering og at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligare informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.vegvesen.no og www.lovdatabasen.no
- Det må ligge føre vegrett til å nytte privat veg. Denne vegretta skal tinglysast.

Vi gjer merksam på at opparbeiding/utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggjesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905), samt vegnormal N 100 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De har mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avtgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltingslova § 27 b.

Med helsing

Rune Kilen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Stine R Hindenes